



Saksframlegg

Sakshandsamar:	Økonomi			Bjarte Villanger	
Avgjerslemynde:		Arkivnr.:	19/131	Klassering:	

Taksering av næringsseigedomar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I K-sak 76/95 frå 1995 vart det vedteke at Fedje kommune skulle innføre eigedomskatt på verk og bruk frå og med 1996. Hovudregelen er at det etter 10 år skal gjennomførast ny alminneleg taksering. I K-sak 018/06 blei det med heimel i eigedomsskattelova § 33 vedteke og oppretthalde og føre vidare dei takstane som ble lagt til grunn for utskriving i 1996.

Ved ein feil vart det ikkje gjort retaksering i 2016.

I 2019 kom ny eigedomsskattelov som fjerna moglegheita til å skrive ut eigedomskatt på verk og bruk. Det vart endre til å gjelde næringsseigedom i staden. Jf. eigedomsskattelova § 3 kan kommunestyret no skrive ut eigedomsskatt på anten:

- a) faste eigedomar i heile kommune, eller
- b) faste eigedomar klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygd på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
- c) berre på kraftanlegg, vindkraft, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- d) berre på næringsseigedom, kraftanlegg, vindkraft, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
- e) eigedom både under bokstav **b** og **c**, eller
- f) eigedom både under bokstav **b** og **d**, eller
- g) faste eigedomar i hele kommunen, unntatte kraftanlegg, vindkraft, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum

Vurdering

I Fedje kommune blei det gjort takstforetak den 7. og 8. januar 2021. Til oppdraget blei det sendt ut førespurnad til 3 ulike takstmenn. Den som hadde anledning til å ta på seg oppdraget på så kort varsel var Takst og Eiendomstjenester AS ved byggmeister Hugo Vedå.

Grunna korte fristar vart varsel om taksering sendt ut så seint som 5. januar 2021. Takstmann var difor i telefonkontakt med representantar for kvar av eigedomane før varselet blei sendt ut.

(Vedlegg 1) viser kva eigedomar som blei taksert.

Flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar – vert jamstilt med næringsseigedom og anlegg, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret, jf. eigedomsskattelova § 4 andre ledd.

Ved taksering av oppdrettsanlegg nytta Fedje kommune standard oppsett utarbeid og tilrådd av KS sitt eigedomsskatteforum (vedlegg 2). Substansverdi tek utgangspunkt i teknisk verdi, dvs. kva eigedelen kostar ny i dag - fråtrekk for slit, elde og avskrivningar.

Skatteobjekt	Grunnlag for berekning (Substansverdi)	Utskriven eigedomsskatt
Feddie Distillery AS	9 883 780,-	69 186,-
Buksér og Bergning AS	3 763 000,-	26 341,-
Holmen	5 190 600,-	36 334,-
Svena	1 479 400,-	10 356,-
Fedje Fryseri AS	2 499 789,-	17 499,-
Fabrikk nr. 8	11 051 000,-	77 357,-
Samnøy Maskin AS	4 318 550,-	30 230,-
Unico AS	3 628 140,-	25 397,-
Tombre fiskeoppdrett		
- <i>Moldøyosen</i>	1 020 048,-	7 141,-
- <i>Grisholmesundet</i>	13 467 162,-	94 270,-
TOTALT		394 111,-

Kvart år vert skatteøyre og skattesats etter eigedomsskattelova vedteke av kommunestyret i budsjett for neste år. I handsaming av K-sak 099/20 vart det vedteke at eigedomsskatt skal skrivast ut på næringsseigedom og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skatteøyre på eigedomsskatt i Fedje kommune er på 7 promille (0,7 %).

Vedtak om takstgrunnlag for eigedomsskatt skal kunnngjerast på heimesidene våre, samt i lokalavisene, innan 1. mars 2021. Skatteytar har rett til å klage på utskreven eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 19. Klagen må gjevast skrifteleg til eigedomsskattekontoret innan 6 veker frå eigedomsskattelista blei lagt ut.

Folkehelse – ikkje aktuelt

Miljø – ikkje aktuelt

Økonomi – greidd ut i saka

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Takstnemnda sluttar seg til dei vurderingane som er gjort i vedlagte takstrapportar, og godkjenner framlagt forslag til skattegrunnlag for eigedomsskatt i Fedje kommune. Vedtaket vert kunnngjort på heimesidene til kommunen og i lokalavisene.

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost